



Referat frå møte i elevrådet

onsdag 11.september 2019

Tid: kl.11:25

Stad: Møterommet i 1.etg

Til stades:

2.kl: (Vilde&Iselin - på bading) 3.kl: Lars Olai 4.kl: Sunniva og Jonah
5.kl: Matias 6.kl: Tina og Benjamin 7.kl: Iselin

Sak 1 Velkomen til nytt skuleår i elevrådet

Litt om demokrati og val – Anne synte ein power-pointpresentasjon som vert sendt til lærarane i etterkant. Den handla om demokrati, val av leiarar. Vi snakka også om at kongen ikkje er på val. Vi snakka også om FN's barnerettar. Rektor vil prøve å få bestilt ein plakat til kvar klasse om desse. Elevrådet er vald som representantar for klassen sin. Elevrådet skal vere elevane sin stemme på skulen.

Sak 2 Val av leiar og nestleiar

Leiar: Matias i 5.klasse – 4 stemmer
Nestleiar: Iselin i 7.klasse – 3 stemmer

Sak 3 På Seim skal alle ha det trygt og godt i friminutta

- Vi gjekk gjennom friminuttreglane. Vi snakka om mobbing. Ingen skal bli mobba på Seim skule. Det vart spurt om elevar i 1. – 4.klasse får vere på tante martas plass før skulen startar om morgningen. Det har ikkje vore noko problem med det, så inntil vidare er det greitt. Rektor må få melding om noko ikkje går bra eller om elevane kjem for seint til timen fordi dei er på tante Martas plass.
- Vi gjekk gjennom fordeling av uteområdet – sjå saklista. Det er viktig å hugse på at det er nokre prøveordningar fram til haustferien
- Fotballmåla – merking mangler på ein del av måla.

Sak 4 «Kom og leik»

Elevar 5.-7.klasse kan søkje om å bli leikleiar. Søknadane vert samla inn av Torgeir på fredag.

Anna

Fotballer:

- Dei fleste klasseballene er vekke
- Kan 5.få ny stikkball
- Andre vil også ha stikkball

Rektor sjekker kva vi har og korleis vi kan ordne dette.

Saker frå 3.klasse:

- Det vart spurt om skulen kunne ha sunn sjokomelk. Svaret frå rektor er nei. Dei som vil ha det, må ta det med heimefrå.
- 3.klasse ynskjer tur til Vannkanten 1 gang i månaden. Dette er dessverre for dyrt for skulen. Tur til Vannkanten må dekkast av klasseksa om det vert aktuelt.
- Mange vil ha lengre skuledag og heller sleppe å gjere lekser heime. Dette er noko som må avgjerast av dei som styrer Lindås kommune.
- Kan 3.klasse få «Sykkeldag»? Dette kan bli litt vanskeleg for det er først frå 5.klasse at elevane kan sykle langs vegane.
- 3.klasse foreslår at vi på skulen har ei «Aktivitetsveke». Dette høyrast gøy ut. Rektor vil ta det opp med lærarane og høyre om vi kan klare å organisere ei aktivitetsveke.
- Kan lilleplassen oppgraderast. Rektor jobbar med saka. Dette krev masse pengar og god planlegging.

Neste møte 23.oktober 2019

Referent: Matias og rektor Anne

